



Gulen kyrkjelydsblad

Nr 1

April 2020

63. årgang



Altartavla i Mjømna kyrkje, sjå meir side 2

REDAKTØR: Kyrkjevevja

Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik
tlf. 57782090/97044591

kyrkjevevja@gulen.kyrkja.no

REDAKSJON: Anne R. Tveit

Eivindvikvegen 1117, 5966 Eivindvik
tlf. 48228353.

anne.ryssdal.tveit@eninvest.net

KORREKTUR: Marit Sandal,**BANKGIROKONTO: 3817 15 51282**

Kontingenten er fri.

TRYKKERI: ETN Grafisk, 3701 Skien**SOKNEPREST: Inntil vidare:****Brekke sokn: Geir Sørebo.**

Tlf. 95729172. god-s@online.no

Gulen og Mjømna sokn:

Bjørn Magne Hansen. Tlf. 47669620.

soknepresten@solund.kyrkja.no

Nytilsett prest **Per Børge Hillestad** kan
øg kontaktast, tlf. 93442919.

KYRKJEVERJE: Ingunn Sognes

Tlf. 57782090/97044591

kyrkjevevja@gulen.kyrkja.no

KONTORPERSONALE:

Margrethe Skåden, Tlf. 57782093

Kontor: torsdag kl.12.40-16.00 og fredag
kl.08.00-12.00. post@gulen.kyrkja.no

ORGANIST: Peter Tiborc Jobbagy,

5966 Eivindvik. Tlf. kontor 57782092.

GULEN KYRKJELEGE RÅD/FEL-**LESRÅD: Leiar: Åse Haugen**

Tlf. 48250014. haugena@online.no

Nestleiar: Kåre Sigurd Krakhella

Tlf. 90075286

kaare.krakhella@icloud.com

KYRKJA SI HEIMESIDE:

www.gulen.kyrkja.no

FACEBOOK: *Kyrkja i Gulen.*

Redaksjonen

Redaksjonen ønskjer lesarane god påske med eit foto av den vakre altartavla i Mjømna kyrkje (framsida), der vi ser Kristus stige opp av grava. Teksten under er: «Eg liver og de skal liva.» Tavla er måla av Vilhelm Bjørknes (1884-1969), etter ein original av A.Tidemand. Bjørknes var ein allsidig utrusta mann. Han dreiv garden sin på Byrknesøy i tillegg til at han òg dreiv landhandelen. Han var mykje brukt som emissær, og han hadde fleire offentlege tillitsombod. Som unngut slo han seg på målarkunst og kom i kunstnarlære saman med Mons Breidvik. Vilhelm Bjørknes har måla rundt 125 altartavler i kyrkjer, kapell og bedehus over heile landet.



I bedehuskapellet på Byrknesøy heng det eldste kjende altarbiletet frå hans hand (1911), med teksten «Kom til meg alle».

Neste nummer av kyrkjelydsbladet kjem i juni. **Leveringsfrist: 20. mai.**

Helsing og info frå kyrkjeverja

Vi lever i ei veldig annleis tid enn det vi er vane med. I det bladet går i trykken, er mange i karantene, skular og barnehagar, kommunehus m.m. er stengde, og alle arrangement er avlyste. Vi er ikkje åleine, koronaepidemien råkar heile verda. Vi som kyrkje prøver å ivareta oppgåvene våre på ein annan måte enn tidlegare, men det er eit stort tap for mange at ein ikkje ein gong kan møtast i kyrkja, slik ein elles gjer når det er tunge tider.

Dåp og konfirmasjon blir utsett.

Gravferder får strenge restriksjonar.

For Gulen er det sett maks tal ved gravferder til 25 personar, noko som betyr at berre dei næraste pårørande får følgje sine kjære til grava.

Korleis skal vi ta vare på kvarandre framover? No blir det viktig å ha kontakt via telefon, facetime eller andre digitale løysingar, og eg oppmodar alle om å bruke litt av tida ein no får, til å ringe til dei ein veit sit åleine.

Så oppmodar eg alle om å følgje med framover på kyrkja si heimeside, på facebookside og på plakatar som kjem opp når vi får starta opp att med gudstenester og andre samlingar.

Ver ikkje redd for å ta kontakt. Sjølv om både dåp og vigsel blir utsett, vil vi strekke oss langt for å finne ny dato når restriksjonane blir endra. Når bladet går i trykken, har eg heimekontor, så bruk mobilnr. **97044591**.

Helsing Ingunn Sognnes, kyrkjeverje

Vi skal møtes

Vi skal møtes
når dette er over,
ved et bord i en
smekkkfull kafé,
i en kirke,

i midtgangens vrimmel
mot Guds alter
og det som skal skje.

Vi skal feire
og synge
og le.

Vi skal gi til hverandre
et løfte,
at vi møtes
når veien er gått.

Når det mørke og vonde
er bak oss,
når den prøven vi fikk,
er bestått,
skal vi dele det svar
vi har fått.

Men alt nå
vet vi svaret,
vi vet det.

Det å elske hverandre
er alt,
bære byrder
når en har for mye,
holde oppe
når noen har falt.
Til å elske,
til det
er vi kalt.

14. mars 2020.

Hans Olav Mørk



Helsing frå nyepresten Per Børge Hillestad



Per Børge Hillestad saman med dottera Lydia.

Jeg har fått lov til å skrive en liten hilsen her i menighetsbladet, og det er jeg svært takknemlig for.

Jeg heter Per Børge, og det var med stor spenning jeg ventet på å få beskjed om at søknaden min om å bli prest i Gulen, endte opp i et jobbtilbud.

Jeg kjente - og kjenner - på en stor glede, og samtidig også spenning og nysgjerrighet.

Hva er viktig for bygdefolket her? Hvordan kan jeg være med å bygge opp under det gode livet i Gulen, og hvordan kan jeg være med på å formidle Jesus her?

Etter noen små besøk i Eivindvik, Brekke, Mjømna og Byrknesøy har

jeg blitt møtt med gode smil og en genuin interesse, og møtene har gjort at jeg kjenner at jeg allerede nå har blitt tatt godt imot.

Jeg aner hittil lite om kulturen her, men det jeg har opplevd til nå, sier meg at her er det mye hjertevarme. Selv har jeg vokst opp i Alversund hvor min familie er fra, og på Frekhaug i nye Alver kommune.

Der var jeg innom bedehus, kirke, ungdomskor og andre miljøer før jeg tok fatt på utdanningen ved NLA i Bergen.

Etter hvert syntes jeg nok studiet ble noe teoretisk, men kloke mennesker veiledet meg godt da de så at jeg lengtet etter noe mer.

Jeg fikk begynne å jobbe på NLA som studieveileder, og møtte mange spennende mennesker som blant annet fortalte meg om Ungdom i Oppdrag, en verdensomspennende ungdomsorganisasjon som sender ut misjonærer.

Jeg bestemte meg for å dra ut, og gjennom Ungdom i Oppdrag kan jeg vel si at jeg gjorde meg avhengig av Guds ledelse i det daglige.

Gjennom årene har jeg fått erfare at livet kan gjøre vondt, av og til smertelig vondt.

Samtidig er det gjennom motgangen at jeg har fått erfare at Han, Klippen, holder.

Jeg var prest i en liten bygd, Undheim på Jæren, i 14 år, og har fått være prest i Austrheim og på Fedje i fire år, før veien dro til Sokndal, hvor min kone stammer fra. Etter en stund her

meldte savnet seg etter strilekulturen, og gleden ble stor når jeg fikk vite at jeg hadde fått tilbud om å bli prest i Gulen.

Jeg har skjønnet at folk herfra er stolte av bygdene sine, og det gjør noe med meg.



Per Børge og Lydia i solstråleglans utanfor Gulen kyrkje under besøket han hadde i Eivindvik hausten 2019.

Jeg har et genuint ønske om å få bli kjent med bygdene, og å ta del i det som skjer her.

Jeg må også få takke for de små møtene jeg har fått med enkeltmennesker så langt.

Det er mitt ønske og håp å få være med på å fortsatt gjøre kirken relevant, som den har vært i 2000 år. Jeg håper å få fortsette å involvere mennesker i gudstjenestene, og spesielt håper jeg å få utfordre ungdom til å være med.

Sammen med sokneråd vil jeg gjøre det som kan gjøres for at alle aldersgrupper skal trives i gudstjenesten.

I de kommende måneder gleder jeg meg til å bli kjent med dere.

Mine foreldre lærte meg da jeg var ung, at noe av det viktigste i livet er respekt for mennesker som har gått foran en på veien, samt at det mange ganger er viktigere å lytte enn å tale. Det var en journalist som spurte meg en gang om hva jeg skulle ønske jeg behersket.

Jeg har lyst til å avslutte med svaret jeg gav:

På et dypere plan i livet ønsker jeg å bli bedre til å lytte etter Guds stemme, og søke Hans ledelse.

Sann åndelighet leder oss alltid nærmere andre mennesker, og det synes jeg er så flott.

Per Børge Hillestad

Innsetjingsgudstenesta

var annonsert til 19. april.

Den vert mest truleg utsett, sjølv om oppstartsdato for Per Børge Hillestad ikkje er endra.

Inntil vidare fortset Bjørn Magne Hansen og Geir Sørebo å dele på tenestene i dei tre sokna våre.

Følg med på oppslag og nettsider.

Heimeside: www.gulen.kyrkja.no

Facebook: *Kyrkja i Gulen*



Ved årsskiftet mottok vi desse nyttårs-tankane frå Sigfrid Asheim Olsen i Bergen.

Kjære folk (i alle tydingar)

I skrivande stund er ei mor og hennar tre born henta opp frå sjøen. Kalde fakta frå reportarane dirrar gjennom TV-ruta. Så kom ei ny opplysning: ca. 700 personar i vårt eige land tek sitt liv kvart år. Difor vert fortsetjinga den same som Judas (Jesu bror) hadde på sitt brev: «De kjære! Medan eg var ivrig oppteken med å skriva til dykk om vår felles frelse, finn eg det naudsynt å skriva til dykk for å formana dykk til å kjempa for den trua som ein gong for alle har vorte overgjeven til dei heilage.»

Vidare hugsar vi ein samtale mellom Sherlock Holmes og Dr. Watson. Dei hadde ein «fuktig fornøyelse» i teltet før dei la seg for å sove den natta. Etter kort tid vaknar Holmes og dyttar albogen i Watson og spør: «Watson, kva ser du?»

Watson gnir seg i augo og seier: «Astronomisk ser eg stjerner og galaksar i uendeleg tal. Astrologisk ser eg at løva er i Saturn. Meteorologisk ser eg at himmelen er klar og at det blir ein fin dag i morgon. Profetisk er klokka snart kvart over tre om natta. Teologisk ser eg at Gud har skapt eit uendeleg univers og at vi berre er ein prikk i den store samanhengen. Kva med deg, Holmes? Kva ser du?» «Watson, du er ein idiot,» svara

Holmes, «ser du ikkje at einkvan har stole teltet vårt?»

Kan det vera at desse to kjende karane set ord på vår situasjon? Vi har undervist om alt. Vi veit alt mogeleg. Men ser ikkje at teltet er stole!

Har vi gløymt det nære, følelsar, relasjonar og oppbygging av verdjar som gjev sjølvtilitt, sjølvvinningskraft for seg og andre, for å møta den overveldande verda som vi skulle forvalta?

Menneskerett er eit ord som dukkar opp i ulike samtalar og tema.

Men retten til å vera menneske vert ikkje teken fram. *Kva er eit menneske*, spurde til og med kong David.

Høgskular og universitet gjev oss ikkje svar på DET spørsmålet.

Heller ikkje prestar eller politikarar.

Tvert imot gjev dei berre nye spørsmål til dei som spør. Forvirringa aukar. Ein kar spurde om kvifor ikkje Gud kan utrydde djevelen.

Jau, det kan han, og det har han gjort.

Men ideane hans blir diskuterte i alle lag og pregar løysingane/lovene i samfunnet og kyrkjeforsamlingane.

Har Gud verkeleg sagt? er spørsmålet gjennom alle tidene, frå Paradis til

«Paris». Å vera menneske tyder at du er gjeven og har teke imot ein fri vilje til å velja livet. Har vi *ja* til Livet, har vi samstundes *nei* til alt som hindrar Livet. Samfunnet har mange stemmer som hindrar folk i å ta eigne val og stå for dei. Meiningsane om det meste står i vegen for sanninga. Når følelsar blir til fakta, er vi handlingslamma.

Då brukar vi *eg er berre eit menneske* som unnskyldning.

Mark Twain sa det slik: «Dei to viktigaste dagane i livet er den dagen du vart fødd, og den dagen du skjøna kvifor.»

Når vi brukar følelsane til å erkjenne fakta, er vi på vegen til å forstå kvifor vi er her. Då vert det at du er eit menneske, den største ressursen du har tilgang til for andre og for samfunnet. Der vil Gud i himmelen ha oss. Difor sende han Jesus for å visa oss kva eit menneske er.

Det største behovet mennesket har, er å verta tilgitt.

Det viktigaste spørsmålet er: Kva er rettferd?

Største fortvilninga er den påtrengande vondskapen vi ikkje kan handtere.

Følelsane våre spør etter kjærleik, kvar finst den, kva er det? Kven har det? Krleis får eg det?

«Ikkje mange av dykk må bli lærarar, for dei skal få ein strengare dom», er åtvaringa frå Jakob, ein annan av Jesu brødre.

Konsekvensvurderinga skulle vore fag på lærarskulen. Då er det godt å vita at vondskap, rettferd, tilgjeving og kjærleik møtte alle i Jesus på krossen. Han hadde eit oppgjer med alt, og sette alt på rett plass – nemleg på krossen der Han var. Har du òg vore der, er du rein, rettferdig, tilgjeven og elska av Gud. Då har du ny identitet. Då set Han deg i arbeid i Guds rike. Sei ikkje at du er for ung. Sei ikkje at du er for gamal. Hausten er stor, arbeidarane få. Godt nytt år der du hører til.

Sigfrid Asheim Olsen

Årsrefleksjon 2019 frå vikarprest Geir Sørebo

Gjennom 2019 har eg vikariert 100 % i Gulen fram til 1. april, og frå midten av mai og ut året, med unntak av juli månad.



Eg har i hovudsak gjort tenester i Gulen og Brekke sokn, men og hatt nokre tenester i Mjømna og eit par i Masfjorden – dette har vore både gravferder, gudstenester og vigslar. Det har vore fint å ha tenester i dette området som eg kjenner godt frå prostetenesta mange år attende, og eg har hatt mange tenester før i alle kyrkjene, både i Gulen og Masfjorden. Det at eg bur eit stykke utanfor sokna, gjer at mitt nærvær som vikar vert noko fjernare enn det ideelt sett burde vore (ca. to timars køyretid kvar veg til Eivindvik). Spesielt for staben i Eivindvik er dette eit minus.

Konfirmerte

Statistikken viser at talet på konfirmantar har vore rimeleg stabilt dei siste 5 åra (i overkant av 30), med dei svingingar som størrelsen på årskulla

gjev. Så godt som alle 9.-klassingar vert konfirmerte.

Konfirmasjonen er framleis sterkt forankra i bygdemiljøet i Gulen.

Gudstenester

Talet på søndagsgudstenester har vore konstant dei siste åra. Dette er fordi ein følgjer gjeldande gudstenesteforordning som seier at det skal vere gudsteneste kvar søndag i ei av kyrkjene i Gulen. Ein følgjer i hovudsak ein turnus som gjev gudsteneste 3.-kvar søndag i kvart av dei tre sokna. Dette er ein god rytme som folk er vane med. Gjennomsnittsfammøtet (57) er tre høgare i 2019 enn i 2015. Talet varierer litt frå år til år, men har i snitt ikkje vore synkande dei siste fem åra.

Dei store kyrkjedagane (julaftan, konfirmasjon, hausttakkefest, pinse på Gulatinget osv.) løftar gjennomsnittstalet betrakteleg, sameleis dåpsfølgja. Det vil seie at på ein «vanleg» søndag utan dåp i gudstenesta, vil frammøtet kanskje vere på under 40 % av gjennomsnittstalet i statistikken, altså rundt 20. Gudstenestedeltakinga på ein «vanleg» søndag er ikkje spesielt høg, men ein har i alle sokna ei lita trufast gruppe kyrkjegjengarar over 50 år. Eg meiner at den faste rytmiske gudstenesta kvar 3. veke i kvar kyrkje er positivt for frammøtet.

Julaftan var det fulle kyrkjer, samt bra frammøte på juledag også. Difor meiner eg det er verd å bruke ressursar på at alle kyrkjene har gudsteneste julaftan.

Det var skulegudsteneste før jul i alle sokn. Desse fungerte godt, og det var eit positivt samarbeid med skulane.



Nattverd

Gjennom den siste femårsperioden har talet på nattverdsgjester auka (755 i 2015, 1078 i 2018, og 995 i 2019). Auken har vore større enn auken i gudstenestedeltaking. Det er to grunnar til dette:

Først er det litt fleire gudstenester med nattverd, og dernest er det større prosent av dei som er i kyrkja, som deltek i nattverden. Dei siste åra har ein stort sett utdelt nattverden i midtgangen, anten ved intinksjon eller ved bruk av særkalkar som er utsette på eit bord. Dette har medført at fleire vågar seg med, ikkje minst born og konfirmantar og rørslehemma kyrkjegjengarar. Ikkje sjeldan vert også folk frå dåpsfølgja med i nattverden. Dette ville ikkje skjedd så lett dersom ein skulle knele ved altarringen.

Og så kan det kanskje vere litt ulike meiningar om at nattverden vert «alminneleggjort» på denne måten.

Dåp

Dåpstala er den staden i statistikken der det er tydeleg nedgang gjennom dei siste fem åra, frå 24 i 2015 til 14 i

2019. At dette er låge tal, ser ein lettast av at talet på konfirmantar framleis ligg over 30 på årsbasis. Vi har vel ikkje informasjon som gjer at vi kan seie presist kva som er grunnen til dette, men truleg vert det født færre born av foreldre som er medlemmer i Den norske kyrkja, og dels er det nok ein del medlemmer som ikkje døyper borna sine. Dette er nok eit symptom på at kyrkja har for dårleg kontakt med unge familiar i dag.

Kyrkjelege vigslar

I heile femårsperioden var det 29 vigslar i Gulen kommune. Heile 19 av desse var i Mjømna sokn, og då for det meste knytt til Skjerjehamn (hotell + utandørs vigslar ved kongestatuene). Vigslene på Skjerjehamn er i hovudsak utansogns vigslar. Det vil seie at det er i snitt berre 2-3 vigslar kvart år for folk som bur i Gulen kommune.

Innmelding og utmelding

Gjennom dei siste fem åra har det vore berre éi innmelding kvart år. Bortsett frå ein topp på 13 utmeldingar i 2016, så er det også få utmeldingar.

Konklusjon

Deltakinga i kyrkjelyden sitt liv held seg rimeleg stabil hjå dei som er over 50 år. Det er mange gode gudstenester med god deltaking og høg musikalsk kvalitet.

Det er også mange friviljuge og tilsette som gjer eit fint arbeid for å tilrettelegge ramma rundt gudstenestene. Men dei yngre er passive med-

lemer og vitjar kyrkja berre ved spesielle høve. At kyrkjelege vigslar nesten er fråverande og talet på dåp går markert nedover, er symptom på dette.



Likevel har det vore godt framømte der born har vorte spesielt inviterte, slik som ved utdeling av 4-årsbok og 7-årsbok, gjerne kombinert med hausttakkefest, og juleverkstad kombinert med gudsteneste. Dette viser kanskje at det ikkje berre er manglande interesse frå dei yngre som er årsaka, men at lokalkyrkja også har for lite å tilby dei unge familiarne, som er tilrettelagt spesielt for dei. Kyrkja kjem i dag i ein skvis mellom mange tilbod og aktivitetar, og det kyrkjelyden inviterer til, må ha høg kvalitet dersom ein skal finne rom for det og prioritere det. I dag har kyrkja i Gulen for lite ressursar inn mot barne- og ungdomsarbeidet. Det har også vore eit sakk at ein ikkje har hatt ein fast tilsett sokneprest som bur på staden og som kan vere ein inspirator i dette arbeidet.

*Sørø, den 27. januar 2020
Geir Sørø*

Årsmelding 2019 for sokna i Gulen

Alle sokna i Gulen har no levert års-melding for 2019. Eit par avsnitt har like-lydande tekst i alle tre årsmeldingane. Det gjeld valet av sokneråd og nye sokne-utval, og om prestesituasjonen slik han har vore i 2019. Av plassomsyn tek redak-sjonen seg den friheit å ta ut desse av-snitte og skrive dei først, for å sleppe å skrive same teksten tre gonger. Etterpå følgjer dei respektive årsmeldingane med sine lokale oppsett.

Val av nytt sokneråd og nye sokne-utval

Valet 9. september blei gjennomført i høve til den nye soknestrukturen som Kyrkjerådet godkjende som ei prøve-ordning i valperioden 2019-2023.

I staden for tre sokneråd er det no eitt, Gulen kyrkjelege råd. I tillegg har kvart sokn eit sokneutval.

Det var 8 namn på listene i Gulen og Mjømna, og 9 namn på lista i Brekke. Dei to som fekk flest stemmer, blei medlemmer i Gulen kyrkjelege råd, GKR, med dei tre neste som vara.

Sokneutvalet består av alle som stod på lista til soknerådsvalet. Sokne-utvalet fungerer som eit rådgjevande organ og eit samarbeidsorgan for presten/kyrkjeleg tilsette i soknet sitt. Informasjon og samarbeid med Gulen kyrkjelege råd, som gjer alle formelle vedtak, vert ivareteke gjennom dei som er medlemmer begge stader. Når det gjeld Gulen kyrkjelege fellestråd, består det av medlemmene i soknerådet (GKR), med tillegg av kommune-

oppnemnd representant, som er Odd Harald Eide. I tillegg er presten, opp-nemnd av prosten, medlem i GKR/ GKF, og har møterett i sokneutvala. Leiari i Gulen kyrkjelege råd/fellestråd er Åse Haugen, med Kåre Sigurd Krakhella som nestleiar.

Prestesituasjonen i 2019

I 2019 har det vore ein noko uvanleg situasjon i Gulen, då det etter at Jens Linde reiste i januar, ikkje har vore fast tilsett prest. Fram til og med påske blei prestetenesta dekkja av Børge Ryland, medan den etter det, har vore delt mellom Bjørn Magne Hansen, prest i Solund, og Geir Søre-bø, som er pensjonert prost. Bjørn Magne Hansen har i hovudsak tenestegjort på Mjømna, medan Geir Søre-bø har dekkja Gulen og Brekke. Når det gjeld konfirmantarbeidet, så har det blitt ivareteke av Helle Kar-tveit som jobbar i NMSU, og konfir-mantprest Ola Johannes Jordal, Alver-sund. På slutten av året blei Per Børge Hillestad tilsett som ny prest, med oppstart i tenesta etter påske i 2020.



Årsmelding 2019 for Gulen sokn

Soknerådet

Soknerådet hadde desse medlemmene:

Maike Norman Bøe (leiar), Iddi Glenjen, Jan Henrik Leknes, Målfrid Undertun, Irene Mongstad, Signe Baarøy og fungerande prest i Gulen Børge Ryland til påske, Geir Sørebbø resten av året.

Vara: Nina Rutledal, Kjellfrid Berge, Kåre Tveit, Vibecke Austgulen, Gunnar Nesse og Bjørn Magne Hansen (vara for presten). Målfrid Undertun og Iddi Glenjen har vore medlemmer i fellestrådet, der Jan Henrik Leknes og Signe Baarøy har vore vara.

Soknerådet har hatt 5 møte og behandla 19 saker. To av møta har vore felles med dei andre sokna, der hovudsakene var ny soknerådsstruktur og instruks for Gulen kyrkjelege råd og sokneutvala. I forkant av eitt av møta var det valkurs for alle sokna. Det har vore eitt soknemøte (årsmøte). Soknerådet har uttalt seg om gudstenesteplan og plan for trusopplæring, og har sett opp liste for kyrkjevertar og vedteke tildeling av offer. Plan for kyrkja i Gulen 2019-2023 er vedteken.

Gulen sokneutval:

Åse Haugen, leiar, Haldis Steine, nestleiar (desse er også medlemmer i GKR/GKF), Asbjørn Karl Neverdal, Anita Vevang Nilsen, Elin Systad Lihaug, Kjersti Anne Utvær Nordgulen og Judith Avril Adams.

Gudstenester og kyrkjelege handlingar

Sundag 5. januar var det avskjeds-gudsteneste for Jens Linde på samfunnshuset på Dalsøyra, der sokne-

rådsleiaren på vegne av alle sokna gav han ei nistekorg med godsaker (snop og frukt) som han kunne ha med seg på flyttelasset sitt.



Elles gjekk sokneråda si gåve, etter ynskje frå Jens, til misjonærprosjektet i Mali, drive av NMS. Det har vore 25 gudstenester i 2019, der 23 har vore i kyrkja, ei av dei på samfunnshuset på Dalsøyra og ei på sjukeheimen i Eivindvik. Det var to andaktar på sjukeheimen og på bu- og omsorgssentra. Det var 19 gudstenester med nattverd. Oppmøtet på gudstenestene var 1892, som gir eit snitt på 75,68. Det er ein liten auke frå 2018, då det var 74,6, medan snittet i 2017 var 70,4.

Gudstenesta Pinsedag blei ei vandre-gudsteneste på Tusenårsstaden Gulatinget, der det blei stor spenning om vêret kom til å halde, noko det heldigvis gjorde. I år var det dåp på denne gudstenesta. Begge skulane i soknet har hatt skulegudsteneste før jul, med godt oppmøte.

Det var 17 konfirmantar, 0 vigslar, 6 døypte og 11 gravferder.

Trusopplæring

Lys Vaken blei gjennomført i desember i samband med konserten til

Sigrid Moldestad. Det var sendt invitasjon til born i alle sokna, og det møtte 11 frå Gulen. Borna fekk gratis adgang til konserten, og overnatta etterpå i kyrkja. Før konserten var det program og trusopplæring i kommunehuset, deretter gjekk borna i fakkeltog til kyrkja.

Det var Hausttakkefest med utdeling av bøker til 4- og 6-åringane. Barnehagen i Eivindvik har vore på besøk i kyrkja, det var god oppslutning med 34 born som kom for å synge julesongar, høyre juleevangeliet og lytte til orgelmusikk.

For minikonfirmantane vart det gjennomført to samlingar på Dalsøyra og to samlingar i Eivindvik. I tillegg har det vore ei helg med leir på Alværa.



I pinsa var spesielt 12-åringane inviterte til å vere med på pilegrimsvandring på Gulatinget.

Konfirmantundervisninga er felles for alle sokna og lagd til nokre laurdagar og ettermiddagar, samt konfirmasjonsleir, som dette året var på Hauglandssenteret.

Diakoni, kyrkjemusikk og misjon

Etter kvar gudsteneste er det enkel kyrkjekaffi, der folk kan stoppe opp og vere sosiale. Det er kyrkjeverten som har ansvaret.

Gulen kyrkje var «opa kyrkje» også i sommar, med opningstid frå 10-18 i tidsrommet 24. juni til 18. august. Kyrkja vert låst opp om morgonen og låst om kvelden, dette blir utført av på dugnad.

I august var soknerådsleiaren med på ei forankringsferd for Kystpilegrimsleia for nøkkelstaden Eivindvik. Her var formålet å bygge kvalitet, både praktisk og innhaldsmessig for Kystpilegrimsleia. Dette er eit spanande og interessant opplegg som vi i tida framover vil sjå meir til. For å lese meir om dette, kan ein gå inn på pilegrimsleden.no.

Organisten har halde orgelkonsert i kyrkja, og i mai fekk vi besøk av «Stemmene frå Stend» som hadde a-capella-konsert i kyrkja.

Sogn og Fjordane Teater kom med teaterførestillinga «Maria Magdalena».

Sundag 6. desember arrangerte frivillige krefter i Eivindvik julekonsert i Gulen kyrkje. Her var det innslag frå kor, korps, piano, orgel og songgruppe. Det var ein kjekk konsert med godt oppmøte.

Helga etter var det julekonsert med Sigrid Moldestad, som nok ein gong leverte ein nydeleg konsert.

Frivillige medarbeidarar

Arbeidet i soknet fordrar mange frivillige. Det har vore dugnad i kyrkja og på kyrkjegarden saman med Gulen pensjonistlag, eit godt samarbeid. Kyrkjelydsbladet blir i stor grad laga på dugnad og utdelt av frivillige.

Konfirmantforeldre er med på laurdagssamlingar og som nattevakter på konfirmasjonsleiren.

Gulen sokneråd takkar alle som gjev tid, arbeid, gåver og pengar, eller på annan måte støttar arbeidet vårt!

Kyrkjebygg og gravplassen

Det er sett opp nytt gjerde kring gravplassen, dette blei ikkje heilt ferdig før årsskiftet, men vil bli ferdigstilt på nyåret 2020.

Økonomi

Rekneskapen viser at det i offer blei samla inn kr 66.695,00.

Av dette gjekk kr 22.896,00 til eige arbeid.

I tillegg blei det samla inn kr 14.977 til fasteaksjonen.

Rekneskapen har eit rekneskapsmessig overskot på kr 9.384,61.

Årsmeldinga er avgitt i samarbeid med soknerådsleiar Maike Norman Bøe, leiar 2019.

Lagt fram for Gulen kyrkjelege råd til godkjenning.

Årsmelding 2019 for Brekke sokn

Råd og utval

Soknerådet har vore samansett slik: Cathrine W. Tveit (leiar), Bjarne Tynning (nestleiar), Kristin Kjelby, Sissel A. Kvame, Turid Strømsnes, Magnus Oppedal og Jens Linde. Varamedlemer i rekkefølge: Johnny Langvatn (møter fast), Bodil Vågseth, Anne Gunn Ynnesdal, Jan Even

Østerbø, Else Karin Vedå, Bjørn Magne Hansen.

Sissel A. Kvame og Magnus Oppedal er medlemer i fellesrådet, med Turid Strømsnes og Kristin Kjelby som varamedlemer.

Soknerådet har hatt 6 møte og hand-sama 17 saker. To av møta har vore felles med dei andre sokna, der saker har vore ny soknerådsstruktur og instruks for Gulen kyrkjelege råd og sokneutvala.

I forkant av eitt av møta var det valkurs for alle sokna. Det har vore eitt soknemøte (årsmøte).



Saker som har vore handsama i 2019, var blant anna høyring og vedtak på plan for kyrkja i Gulen 2019-2023, uttale om tilsetjing av ny prest, søknad (og godkjenning) om ombygging i kyrkja (koret + benker), vedtak om prøveordning for felles kyrkjeleg råd for sokna i Gulen, og elles arbeid rundt kyrkjevalet.

Brekke sokneutval:

Kåre Sigurd Krakhella, leiar, Einar Takle (desse er også medlemer i GKR /GKF), Jan Even Østerbø, Herfynn Takle, Olaug Tveit Evensen, Synnøve Bjordal Giil, Marit Sætre, Berit Tveit Solheim og Grethe Brekken Oppedal.

Gudstenester og kyrkjelege handlingar

I 2019 var det 19 gudstenester i soknet, med totalt 1072 deltakarar, som gir eit snitt på framfmøtte på 56,4, medan det i 2018 var 50,4 og i 2017 69,7.

I januar var det familiegudsteneste på bedehuset, med konfirmantfest etterpå, der konfirmantar med familie var inviterte. Dette er eit samarbeid mellom soknerådet og bedehuset.



I juni var det kyrkjelydstur til Sørebø, Bjordal, med utegudsteneste.

I oktober var det hausttakkefest med utdeling av bok til 4- og 6-åringar. Adventsverkstad og kafé i Risnehall med familiegudsteneste etterpå er eit samarbeid med bygdekvinnelaget. Som tidlegare var det også i år skulegudsteneste før jul.

Nyttårsafta var det midnattsgudsteneste i Brekke kyrkje.

12 av gudstenestene hadde nattverd, og i gjennomsnitt gjekk 20,3 til nattverd. Det er litt nedgang frå tidlegare år, med 24,45 dei to føregåande åra. Det var 2 dåp, 9 konfirmantar, 0 vigslar og 6 gravferder i Brekke.

Brekke har frivillige som tar klokkartenesta.

Barne- og ungdomsarbeid

Det var to samlingar på Sprell levande (for 4-11 åringar) i 2019, med litt færre born enn tidlegare år.

Tysdagskaféen på bedehuset har blitt gjort om til fredagskafé (ungdomsskulealder) med godt oppmøte.

Når det gjeld Lys Vaken, så har det ikkje vore arrangert samling i Brekke, men alle 11-åringar blei inviterte til Gulen kyrkje for å overnatte der, men ingen frå Brekke deltok.

«Barnas Misjonsdag», som er eit årleg fellestilltak, vart arrangert på Byrknesøy.

Diakoni, kyrkjemusikk og misjon

Det er kyrkjekaffi bak i kyrkja etter kvar gudsteneste.

Soknerådet deler på å vere kyrkjevertar og å lage til kyrkjekaffien. Soknerådet gjev ein blomst til nære pårørande som har mist ein av sine i året som har gått. Desse blir også inviterte spesielt til Helgemesse i november.

På Eldresenteret blei det arrangert 4 samlingar med andakt.

Julekonserten blei i år arrangert av Brekke skulemusikkorps.

Frivillige medarbeidarar

Soknerådet vil seie TAKK til alle som er med og støttar opp under kyrkja sitt arbeid! Vi er heilt avhengige av at frivillige er med og driv arbeidet vårt. Totalt sett har Brekke sokn mange frivillige, fordi vi samarbeider med

andre lag og organisasjonar om enkelttiltak. Til dømes er julekonserten i kyrkja gjennomført nesten berre med frivillige.

Men mykje av planlegginga og utføringa av frivillig arbeid fell på dei som er valde inn i soknerådet.

Klokkartenesta er driven av eit team på 5 frivillige, noko som gjev soknerådet ei inntekt på kr.15.000,00.

Soknet har ikkje fast gjevarteneste, men gjevartiljen er stor når soknerådet spør om pengar til konkrete oppgåver. Det same er dugnadstiljen, anten det er på gravplassen eller i kyrkja.

Kyrkje og gravplass

Soknerådet har utført dugnad på kyrkjegarden om våren. Kyrkja er blitt malt utvendig.

Det har vore høyring i soknemøte (samtidig som årsmøtet) om endring av kyrkjerommet ved å gjere koropninga større, og å skifte ut benkane med stolar.

Tilrådinga er basert på uttale frå kyrkjekonsulenten, og vil bli arbeidd vidare med av sokneråd/ fellelsråd.

Økonomi

Rekneskapen viser at det i offer er kome inn kr. 47.473,00.

Av dette gjekk kr 22.351,50 til eige arbeid.

I tillegg blei det samla inn kr 7.737,00 på fasteaksjonen.

Soknerådet har ei inntekt på kr.

15.000,00 overført frå fellelsrådet som godtgjering for at frivillige tar klokkartenesta.

Rekneskapen har eit rekneskapsmessig overskot på kr 26.229,69.

Årsmeldinga er avgitt i samarbeid med soknerådsleiar Cathrine W.

Tveit, soknerådsleiar 2019.

Lagt fram for Gulen kyrkjelege råd til godkjenning.



Stemming ved kyrkjekaja på Mjømna

Årsmelding 2019 for Mjømna sokn

Sokneråd og tilsette

Mjømna sokneråd: Bente Haugen (leiar), Anne Ytreøy (nestleiar), Kjell Kversøy, Kristin Mjanger, Inger Alise Einebærholm. Varamedlemmer: Sølvi Ann Oddekalv, Arve Mjømen, Mina Andreassen, Ann Helen Birknes. Fellelsrådet: Kjell Kversøy og Inger Einebærholm. Vara: Kristin Mjanger og Anne Ytreøy.

Soknerådet har hatt 6 møte, der to har vore fellelsmøte med dei andre sokna. I tillegg har ein hatt nokre meir uformelle kjøkkenmøte.

Det har vore eitt soknemøte (årsmøte). Kristin Mjanger har vore kyrkjetenar, men søkte permisjon frå 1. mars.

Då overtok Peter Jobbagy og Katalin Jobbagyne Garda denne jobben.

Klokkartenesta har vore basert på frivillige i soknet, og dette får soknerådet betalt for. Denne ordninga gjev oss betre økonomi til å få gjort ting vi ønskjer, så det er flott dersom fleire kan melde seg til denne tenesta.

Mjømna sokneutval:

Bente Haugen, leiar, Anne Kristine Evjenth Ytreøy, nestleiar, Mina Andreassen (Anne Ytreøy og Mina Andreassen er medlemmer i GKR/GKF), Sølvi-Ann Oddekalv, Arve Harald Mjømen, Erene Oddrun Wilberg, Heidi Rosseland og Gunnlaug Oddny Birknes.



Gudstenester og kyrkjelege handlingar

Det var 20 gudstenester i Mjømna sokn, 4 av dei i Byrknes bedehus/kapell.

I tillegg har det vore ei gudsteneste i samband med ein tur til Husøy i Solund.

I snitt har det møtt 37,95 personar på gudstenestene.

På 14 av gudstenestene var det nattverd, med 11 deltakarar i snitt.

Det har vore 6 dåp, 6 vigslar og 9 gravferder.

Det var 5 konfirmantar i soknet.

Barne- og ungdomsarbeid

I soknet har vi personar som driv faste tilbod for barn og unge: Barneforeining og Yngres. Det er eit viktig arbeid, og det er alltid lettare å få deltakarar på det som går føre seg lokalt. Det har vore arrangert filmkveld på bedehuset i eit samarbeid mellom Yngres og leiaren for trusopp-læringa.

Også i år vart borna inviterte til jule-trepynting i kyrkja, denne gongen leia av soknerådet.

Det vert delt ut dåpslys i samband med dåpen, 4- og 6-åringar får bok, og alle 6-åringar får eit årsabonnement på søndagsskulebladet Barnas.

Diakoni, kyrkjemusikk og misjon

Det har vore 9 andaktar/eldretreff på Byrknes Alderstun. Her er det andakt, song, kaffi og kaker og eit lite årsal. På nokre av desse har konfirmantar vore med. Pengane som kjem inn, skal gå til utstyr som er "kjekt å ha" på Tunet.

Den tradisjonelle julekonserten gjekk av stabelen i kyrkja den 15. desember. Som vanleg var det skulemusikken, Øyklang og elevar frå musikkskulen som stod for musikken. I år var det i tillegg barnedåp på konserten, så den blei å rekne som ei litt forkorta gudsteneste.

Hauf festen 2018 måtte utsetjast p.g.a. ombygging av kjøkkenet på bedehuset. Den vart i staden arrangert som Nyttårstrall i januar 2019. Her var Geir Sørebo med oss. I oktober vart årets hauf fest arrangert. Helge Taran-

rød, prost i Nordhordland, var vår talar/kåsør, noko som var veldig kjekt. I juni vart det arrangert ein kyrkje-lydstur til Husøy i Solund, der både den gamle og den nye prosten deltok på gudstenesta.

I juni fekk Mjømna sokn òg vere med Solund på den årlege kyrkjelydsturen deira. Denne gjekk til Masfjordnes.

Kyrkje, gravplass og økonomi

Det er kjøpt inn eit bord til kyrkje-kaffien bak i kyrkja, noko vi har snakka om i fleire år.

Ute er det kome ny vasspost framfor kyrkja. Fellestrådet kjøpte inn, og Kjell Kversøy monterte han.

Dei gravene som var våte forrige år, er no blitt mykje betre.

Dreneringsrøyra er spylte for å ta unna vatnet, men ein må vurdere vidare om dette fungerer tilfredsstillande. Soknerådet hadde dugnad på kyrkjegarden og i kyrkja før konfirmasjonen.

Dåpssakristiet er under utbetring, og vi håpar dette skal bli i orden i løpet av 2020. I tillegg vert det jobba med ein ny rullestolningang i kyrkja. Mjømna sokneråd hadde eit positivt driftsresultat på kr 17.410,70., med eit rekneskapsmessig overskot på kr 3.409,70.

Innsamla midlar på eldretreffa på kr 14.090,00, er avsett på bunde driftsfond som skal brukast på TUNET.

Det kom inn kr 41.088,00 på offer i kyrkja. Kr 19.709,00 av dette var til eige arbeid. I tillegg kom fasteaksjonen med kr 4467,00.

Årsmeldinga er avgitt i samarbeid med soknerådsleiar Bente Iren Haugen, leiar 2019.

Lagt fram for Gulen kyrkjeleg råd til godkjenning.

Det nye og det gamle fellestrådet




I desember var det gamle og det nye fellestrådet samla i eit felles møte. Frå venstre: Iddi Glenjen, Kåre Sigurd Krakhella, Haldis Steine, Målfrid Undertun, Anne Evjenth Ytreøy, kyrkjevevjerje Ingunn Sognnes, Mina Andreassen, sokneprest Bjørn Magne Hansen, Einar Takle og Åse Haugen.



Takk til Målfrid Undertun

Målfrid Undertun blei takka av som leiar i Gulen kyrkjelege fellestråd. Ho fekk ein blomst av påtroppande leiar Åse Haugen.



Optimisme for Alværa

Måndag 27. januar var Alværastyret samla til møte der det var tid både for tilbakeblikk og evaluering og planlegging av vegen vidare. Vi kunne glede oss over at:

- det hausten 2019 var fleire grupper som hadde arrangement på Alværa for første gong.
- det vart ein kjekk adventsfest med mykje folk, god stemning og god hjelp på kjøkkenet
- dusjane er reparerte og har no både varmt og kaldt vatn
- lysstolpane på uteplassen har fått ny armatur som gir godt lys
- 2 nye vaskemaskinar og ein ny støvsugar gjer ting enklare
- innkjøp av ein del nye madrassar og nokre rammemadrassar slik at alle kan ligge godt.

Vi må jobbe vidare med:

- kva vi gjer med dei to utleiehyttene til Alværa, marknadsføring og bruk
- istandsetting av styrbustaden slik at den kan brukast i samband med arrangement
- vedlikehaldsplan og investeringsplan
- marknadsføring og nå ut til nye grupper
- oppgradering av heimeside

Vi er optimistiske med omsyn til

økonomien i 2020. Resultatet for 2019 syner eit overskot, takka vere mykje god dugnadsinnsats frå Alværavener, og minimalt med lønsutgifter. Difor kan vi også i 2020 samle born, unge og vaksne om det aller viktigaste på kyrkje- og misjonsenteret vårt. Det er framleis ledige helger til hausten, så planlegg du kurs, seminar eller feiringar, ta kontakt. (mobil 48990661)

Toril Lange

Arrangement på Alværa

Inntil vidare er alle komande arrangement avlyste eller utsette. Følg med på oppslag.

Samtalegudsteneste

1. mars var det samtalegudsteneste i Gulen kyrkje ved konfirmantane, konfirmantprest Ola Johannes Jordal og Helle Kartveit.



Trekking av konkurran- ransen i julenummeret

Til julenummeret hadde Einar Søreide sendt oss eit kryssord der det hadde gøynt seg tre namn på tidlegare prestar i Gulen.

Løysing: Selvik, Rossabø og Linde.
Vinnar: *Vigdis Lid Mikkelsen, Krak-
hellevegen 445, 6924 Hardbakke.*

Det var òg nokre sitat frå julesongar, som lesarane skulle finne første linja til. Dei 12 julesongane var:
Deilig er jorden, Nå tennes tusen
julelys, Julekveldsvisa, Jeg synger
julekvad, Det kimer nå til julefest,
Eg er så glad kvar jolekveld, Det lyser
i stille grender, Her kjem me dine
arme små, Mitt hjerte alltid vanker,
Glade jul, Det hev ei rose sprunge,
En stjerne skinner i natt.

Vinnar: *Ingrid Ringereide,
Halsvikvegen 17, 5960 Dalsøyra.*

Vi takkar for deltakinga (det kom inn mange svar!) og sender ein premie til dei to vinnarane.



Takk

Takk for all omtanke, deltaking og blomar ved Noralf Virkesdal sin bortgang.

Anna Sofie og familien

Hjarteleg takk

Hjarteleg takk for all omtanke, deltaking og blomster ved Astrid Vatne sin bortgang. Takk til personalet ved Gulen sjukeheim for god omsorg.

*Magne, Kirsten, Elin, Hilmar, Anita,
Jan Roar m/fam.*

Takk

Takk for deltaking og blomsterhelsingar ved Hilmar Nerdal sin bortgang. Takk til tilsette ved Dalsøyra bu- og omsorgssenter for god pleie og omsorg. Takk til Lisbeth Morken for vakker solosong.

Agnes og Brynhild m/familiar

Nytt frå kyrkjelydane

Døypte:

GULEN SOKN:

16.02.20: Ellinor Brosvik. For.: Inger-Hanne Dale og Knut Håvard Brosvik.

16.02.20: Elling Rambjørg Haveland. For.: Malin Rambjørg og Oliver Haveland.

MJØMNA SOKN:

15.12.19: Steffen Tveit Mjømen. For.: Marianne Tveit og Helge Mjømen (busette i Os).

02.02.20: Dorthea Igland Jakobsen. For.: Guro Igland Eilertsen og Christian Jakobsen.

02.02.20: Eline Braanaas Knutsen. For.: Lina Braanaas Utne og Bjørnar Johan Knutsen.

23.02.20: Sunniva Sætre. For.: Lisa Husa og Kim Andre Larsen.

Vigde

07.03.20: Mona Solbjørg Molland og Ove Berte Undertun.

Døde:

MJØMNA SOKN:

28.01.20: Arthur Martin Ottesen, f. 1934.

GULEN SOKN:

01.12.19: Hilmar Nerdal, f. 1929.

19.12.19: Svanhild Elfrida Hauge, f. 1919.

23.02.20: Ingebjørg Eide, f. 1924.

BREKKE SOKN:

22.11.19: Laila Sofie Oppedal, f. 1927.

18.12.19: Astrid Johannesen, f. 1928.

21.12.19: Helga Irene Ellingsen, f. 1969.

Kyrkjekalenderen



Når kyrkjelydsbladet går i trykken, er all aktivitet i kyrkjene våre, utanom gravferder, avlyst eller utsett inntil vidare.

Følg med på heimesida, facebook-sida og på oppslag som kjem framover.

Dagleg bønestund

I Bjørgvin bispedøme blir det kvar dag framover overført ei bønestund med ein kort andakt på nettsidene. Om ein ikkje kan møtast fysisk, kan ein likevel delta i dette fellesskapet.

Biskop Halvor Nordhaug seier på den første andakten, som blei send frå Mariakyrkja i Bergen tysdag 17. mars kl. 12.00:

- Lat oss gjere det som er normalt i unormale tider – lat oss be.



I eit brev som vart sendt kyrkjelydane, oppmodar biskopen prestane, andre tilsette og soknerådsmedlemene i Bjørgvin om å tenne eit lys kvar dag kl. 12.00 og be for kyrkjelydane.

– På denne måten kan vi skape ei virtuell samling for heile bispedømet kl. 12.00 kvar dag, med ei felles bøn som mange tek del i, skriv biskopen.

Dette fellesskapet kan vi også vere ein del av.

Andaktane vil du finne på framsida av Bjørgvin bispedøme sine nettsider.

